

VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I SKJÅK KOMMUNE.



Endra i Skjåk kommunestyre sak 67/18
Gjeldande frå 1.1.2019

VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I SKJÅK KOMMUNE.

1. Formål

Lov om barnehager, § 1. *Formål*

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering».

2. Styringsverk

2.1 Barnehagen skal drivast i samsvar med:

- Lov om barnehagar
- Rammeplanen for barnehagen
- Gjeldande forskrifter
- Retningslinjer frå departement og kommunale vedtak.

- 2.2** Kommunestyret har etter lov- og regelverket ansvaret for planlegging og utbygging av barnehagane i kommunen, medan ansvaret for drift og tilsyn er delegert til Kultur- og oppvekstutvalet. Administrasjonen av barnehagane ligg til strykarane.
- 2.3** Etter § 4 i Lov om barnehager skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidutval. Medlemane i foreldrerådet er samtlege føresette som har barn i barnehagen. Samarbeidsutvalet er samansett av 2 føresette og 2 tilsette. Kommunen som eigar vel ein kommunal representant med vara til kvart samarbeidsutval, (representasjonen følgjer kommunevalsperioden). Det er ein føresetnad at dette er politikarar som også sit i KO-utvalet. Styrar er sekretær og har uttale- og møterett, men ikkje stemmerett. Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande og kontaktskapande organ for barnehagen.
- 3. Normer for areal**
Netto leike- og opphaldsareal skal vere minst 5,0 m² pr barn over tre år. For barn under tre år skal dette arealet vere på minst 6,5 m².
- 4. Tilsette**
- 4.1** Alle dei tilsette i barnehagen har teieplikt, jfr. Lov om barnehager § 20 og Forvaltningsloven § 13.
- 4.2** Nytilsette må leggje fram politiattest, jfr. Lov om barnehager § 19.

4.3 Tilsette har opplysningsplikt til sosialtenesta og barneverntenesta, jfr. Lov om barnehager § 21 og § 22.

5. Helse og helsetilsyn

5.1 Før eit barn tek til i barnehagen skal det leggest fram erklæring om barnets helse. Dersom barnet har møtt til dei ordinære undersøkingar på helsestasjonen, kan føresette gje slik erklæring, jfr. Lov om barnehager § 23.

5.2 Dersom eit barn ikkje har fylgt ordinært program på helsestasjon må barnet ha helseerklæring med underskrift av helsesyster eller lege.

6. Opptak

6.1 Hovudopptak.

- Søknad om opptak skal sendast på elektronisk skjema
- Barnehagane har tilbod om 3 dagar, 4 dagar eller 5 dagar i veka
- Hovudopptak er samordna for alle kommunale og private barnehagar (familiebarnehagar) i kommunen, jfr. Lov om barnehagar § 12
- Ledige plassar blir lyst ut i januar med søknadsfrist i løpet av februar, jfr. Lov om barnehagar § 12a.
- Søknader som blir levert etter søknadsfrist, blir handsama etter at alle ordinære søkjarar har fått plass

6.2 Opptak elles i året

- Eventuelt ledige plassar elles i året blir fylt opp fortløpande
- Styrarane samordnar opptak og avgjer kven som får plass

6.3 Opptaksreglar

- Barn med spesielle behov får plass fyrst. Saman med søknaden må det vere med ei skriftleg tilråding frå pp-tenesten, eller andre faginstansar, som gjer greie for kva barnet eventuelt skal ha, jfr. Lov om barnehager § 13.
- Barn som fyller eit år innan utgangen av november det året det vert søkt om barnehageplass, og som har søkt innan søknadsfrist for hovudopptak, har rett til å få plass i barnehage den månaden dei fyller eit år, jfr. Lov om barnehager § 12a. Kommunen kan gje plass tidlegare dersom det er ledige plassar i barnehagen.
- Ved tildeling av ledige plassar mellom barnehagane vil det bli prioritert slik:
 1. 5-åringar
 2. Sysken får plass i same barnehage
 3. Barn til foreldre med rett til introduksjonsordning, grunnskuleopplæring e.l.
 4. Etter alder.
- Det er høve til å bruke barnehageplass i rekrutteringssamanheng.
- Eit barn som har fått plass i barnehagen, har plassen til vedkomande skal ta til på skulen.
- Kommunen kan ta inn søkjarar frå andre kommunar dersom det er ledige plassar etter hovudopptak, men da berre for eit barnehageår om gongen.

7. Oppseiingstid

Foreldre kan seie opp plassen når dei måtte ynskje det. Oppseiingstida er ein månad, og oppseiinga skal leverast skriftleg.

8. Klage på vedtak

Ved avslag på søknad om plass, kan føresette innan tre veker sende klage på vedtak til formannskapet som er klageinstans, jfr. Forvaltningslova § 28.

9. Opningstider

- Barnehagane skal vere oppe kl 0700 – 1630 alle yrkedagar frå måndag til fredag.
- Barnehageåret er frå veke 33 til og med veke 32.
- Barnehagane er stengde jule- og påskeveka (inkl julekvelden og nyttårskvelden), og 3 veker om sommaren
- Barnehagane har 6 planleggingsdagar i året. Barnehagane er stengt på planleggingsdagar

11. Foreldrebetaling

Kommunestyret fastset satsane.

- Foreldrebetaling blir kravd ut frå kor mange dagar i veka barnet har avtale om å vere i barnehagen. Det er 4 veker betalingsfri i året.
- Retten til å ettergje betaling ved sjukefråvær på minst ein månad er delegert til styrar i den enkelte barnehage.
- Etter søknad frå foreldra, kan NAV gje heil eller delvis friplass etter lov om sosial omsorg.
- Redusert foreldrebetaling. Ingen heimar skal betale meir enn 6 % av si samla inntekt for ein barnehageplass. Det må søkast for eit år om gongen.
- Gratis kjernetid. Heimar med låg samla inntekt kan ha rett på 20 timar gratis kjernetid i barnehagen pr veke.

Inntektsgrensa er sentralt bestemt . Det må søkast for eit år om gongen.

12. Syskenmoderasjon

Det er syskenmoderasjon på 30% for 2.barn, og 100% for 3. barn og fleire.

13. Kjøp av ekstra dagar

Dei som har plass, kan kjøpe ekstra dagar dersom det er ledig kapasitet. Styrar avgjer om det er høve til å kjøpe dag.

14. Forsikring

Barna er forsikra medan dei oppheld seg i barnehagen. Kommunen sin forsikring gjeld ved direkte transport til og frå barnehagen, og under utflukter og turar i opphaldstida.